

VEDTEKTER
FOR
DET INTERKOMMUNALE IKT-SAMARBEIDET

eKommune Sunnmøre

FOR KOMMUNANE

Ålesund, Giske, Haram, Norddal, Sandøy, Skodje, Sula og Ørskog

§1 FORMÅL

Formålet med eKommune Sunnmøre er å møte felles IKT-utfordringar for deltakarane gjennom innkjøp, implementering og drift av felles løysingar som ivaretek kommunane sine IKT behov, imøtekjem myndigheitskrav og gjev innbyggjarane tilgong til døgnopne kommunale tenester. Samarbeidet skal gje høgare kvalitet på tenestene til ein lågare pris enn om ein ikkje samarbeider.

§2 Om eKommune Sunnmøre


eKommune Sunnmøre er eit interkommunalt IKT-samarbeid for 8 av kommunane i Ålesundregionen, organisert etter Kommunelovens § 27.

Deltakarar er Ålesund, Sula, Giske, Haram, Skodje, Ørskog, Norddal og Sandøy kommuner. eKommune Sunnmøre er forankra i deltakarkommunane ved at vedtektsendring, handlingsplan, rekneskap, årsmelding, budsjett og opptak av andre kommuner handsamast i kommunestyra.

eKommune Sunnmøre er ikkje eit eige rettssubjekt.

§ 3 ORGANISERING

eKommune Sunnmøre – ORGANISERING



§4 STYRET

eKommune Sunnmøre vert leia av eit styret. Styret består av rådmennene frå dei deltakande kommunane.

Styret delegerer oppgåver til arbeidsgruppa v/leiar.

Innkalling til møte utanom vedteken møteplan, skal skje med minst 2 vekers skriftleg varsel. Innkallinga skal innehalde ein liste over dei saker som skal handsamast. Det skal førast møteprotokoll som skal underskrivast av leiar og 2 medlemmer. Møteprotokoll vert distribuert via e-post.

Vedtaka skal gjerast med vanleg fleirtal. Ved likt stemmetal avgjer styreleiar si dobbeltstemme.

§5 STYRET SINE OPPGÅVER

Styret gjer vedtak i alle saker Strategi- og bestillarleddet legg fram.

Styret er vedtaksfør når minst halvparten av medlemmane er til stades. Vedtaka vert gjort med vanleg fleirtal. Ved likt stemmetal avgjer leiaren si dobbeltstemme.

Styret føretek val av revisor.

Vidare skal styret ha det daglege ansvaret for drifta, herunder flg. oppgåver:

- Planlegge, styre og gjennomføre IKT-prosjekt og aktivitetar
- Vurdere og anbefale koordinering av lokale IKT-tiltak
- Vidareutvikle, vedlikehalde og operasjonalisere IKT-strategien
- Planlegge og koordinere felles tiltak knytt til IKT-området
- Utreie og anbefale harmonisering av kommunane sine IKT-løysingar
- Økonomistyring knytt til fellespunktet og konsekvensar for kommunane

Handlingsplanar skal utarbeidast i samarbeid med kommunane.

Gjennomføre årleg IKT-strategisamling innan oktober.

Arbeide for ekstern medfinansiering av ulike ikt-baserte prosjekt.

Budsjett, rekneskap, årsmelding og handlingsplan skal handsamast av styret og sendast til kommunane for handsaming og godkjenning.

Budsjett og handlingsplan skal sendast kommunane innan 1. oktober.

Styret vel ei arbeidsgruppe (Strategi- og bestillaeddet) samansett etter behov, minimum samansett med ein leiar og minst 3 deltakarar med naudsynt kompetanse, og frå ulike kommunar. Stillingsstorleikar vert bestemt av styret.

Arbeidsgruppa skal utarbeide mandat og organisering av faggrupper og prosjektgrupper.

Leiaren innkallar til møte og skriv referat.

§6 ØKONOMI

Midlar til finansiering av arbeid og investeringar skjer i hovudsak gjennom innbetalingar frå kommunene, med grunnlag i deira budsjett, eventuelt i kombinasjon med ekstern prosjektfinsiering frå staten, fylket og eventuelt andre.

eKommune Sunnmøre skal nytte same budsjett- og rekneskapsår som kommunene.

Dei til ei kvar tid gjeldande forskrifter for kommunale budsjett og rekneskap gjeld også for eKommune Sunnmøre.

Kostnadane vert dekt ved at 70 % vert fordelt etter innbyggjartal og 30 % vert fordelt likt mellom kommunane. Denne fordelinga gjeld med mindre noko anna vert avtalt. Fordelingsnøkkelen vert justert i samsvar med innbyggjartalet pr 1. januar kvart år.

Kommunane skal betale sin del av dei årlege kostnadane innan 1. februar kvart år.

§7 AVTALAR

Utlysning og signering av avtalar skal skje i regi av Innkjøpssamarbeidet på Sunnmøre.

Kommunane kan reservere seg mot deltaking i enkeltavtalar etter at kravspesifikasjon for avtalen er utarbeidd og før tilbodsinnhenting.

Avtalar som vert inngått er bindande for den enkelte kommune og skal underteiknast av ein person som har slik fullmakt.

Den enkelte kommune har sjølv ansvar som medkontrahent og er ansvarleg for gjennomføringa av den del av felles rammeavtalar som angår vedkomande kommune. Dette omfattar eksempelvis ansvar for riktige behovsopplysningar, rettidig oppgjer, rettidige reklamasjon og elles dei forpliktingar dei har som kjøpar.

§ 8 FAGGRUPPER OG PROSJEKTGRUPPER

For å sikre lokal medverknad ut frå faglege perspektiv, vert det etablert faggrupper etter behov. Faggruppene si rolle er å drive kompetanseutviklingstiltak og andre tiltak som fremmar fagleg samarbeid innanfor IKT-området mellom kommunane. Kommunane skal ha ein representant med i dei faggrupper som dei deltek i.

Prosjektgrupper vert oppnemnt av arbeidsgruppa for gjennomføring av tidsavgrensa oppgåver, til dømes innføring av nye system. Det skal leggjast vekt på at prosjektgruppene vert tverrfagleg samansett. Kompetanse og erfaring skal vektleggast ved utnemning av prosjektgrupper. Prosjektgruppene vert oppløyst når prosjektoppgåva er avslutta.

§ 9 OPPTAK AV NYE KOMMUNER

Opptak av nye kommunar krev kommunestyrevedtak om deltaking i minst 2/3 av deltakarkommunane. Styret fastset storleiken på innskotet for nye kommunar som ynskjer å delta i eKommune Sunnmøre.

§ 10 OPPSEIING AV VEDTEKTENE

Kommunane kan krevje seg utløyst av samarbeidet med eitt års oppseiingstid.

Oppseiingsfrist er 31. oktober.
Eventuell utløysingskostnadar vert fastsett av styret.

Kommunar som vel å tre ut av samarbeidet heftar framleis for dei forpliktingar eKommune Sunnmøre måtte ha gjennom avtalar som omfattar kommunen på det tidspunktet uttreden finn stad. Jfr. vedtektene.

§ 11 OPPLØYSING AV SAMARBEIDET

Oppløsning krev kommunestyrevedtak om oppløsning i minst 2/3 av deltakarkommunane.

Ved avvikling skal det opprettast eit avviklingsstyre som vert vald av styret. Avviklingsstyret vel sjølv leiar og nestleiar. Styret for eKommune Sunnmøre trer ut av funksjon, når avviklingsstyret er vald.

§ 12 TVISTAR

Usemje om gjennomføring, drift eller oppløsning skal om mogleg løysast i minnelegheit gjennom forhandlingar. Skulle ikkje dette føre fram, skal det nyttast voldgift i samsvar til reglane i Tvistemålslova.

Desse vedtektene gjeld frå det tidspunkt dei er godkjende av kommunestyra. Forslag om vedtektsendring skal handsamast av styret før dei vert sende til dei enkelte kommunestyra for handsaming.

Sunnmøre tingrett er verneting ved tvist om forståing av denne avtalen.

§ 13 ENDRINGAR

Endringar i vedtektene må vedtakast av minst 2/3-delar av kommunane.

§ 14 GODKJENNING OG KOMMUNAL HANDSAMING

Denne avtalen er godkjent med vedtak i:

KOMMUNE	Sak nr.	Dato.
Ålesund		
Sula		
Giske		
Haram		
Skodje		
Ørskog		
Norrdal		
Sandøy		